

Meland Mållag

Prosjektleiar/kontaktperson:
Haakon Aase,

Littlebergen 29,
5918 Frekhaug

Telefon: 918 71 129
E-post: haa-aase@online.no

KUNST I OFFENTLEGE ROM - KORO

Postboks 6994, St. Olavs plass,
0130 OSLO

SØKNAD OM TILSKOT TIL MINNESMERKE OVER IVAR AASEN

Meland Mållag søker med dette KORO om tilskot til eit minnesmerke over Ivar Aasen i kommunesenteret Frekhaug i Meland kommune.

Minnesmerket er tenkt reist ved inngangen til rådhuset i kommunen og vil stå som ei kunstnarleg utsmykking av det nære uteområdet til rådhuset, det kommunale legesenteret, kyrkjekontoret og NAV-kontoret i kommunen. I nærleiken av rådhuset ligg m.a. eit kjøpesenter, ein del andre private verksemder, eit stort tal bustader, eit eldresenter med sjukeheim, ein barnehage, ein kommunal ungdomsskule og fleire forsamlingslokale. I kort gangavstand frå rådhuset ligg også ein bussterminal og ein kai for ei nystrata båtrute for persontransport.

Meland Mållag, som er eit lokallag av Noregs Mållag, gjev minnesmerket som gav til folket i Meland ved Meland kommune. Mållaget har stilt seg som garantist for gjennomføringa av kunsttiltaket. Meland kommune vil vera eigar av kunstverket og ha framtidig driftsansvar for det.

Prosjektleiar for tiltaket vil vera styreleiar i Meland Mållag, Haakon Aase.

Bakgrunn for Ivar Aasen-minnesmerket i Meland

Språkgranskaren Ivar Aasen (1813 – 1896) budde og arbeidde i ni månader, frå juni 1843 til mars 1844, på garden Littlebergen i Meland. I sine årelange og landsomfattande reiser for å samla prøver av *Landets Almuesprog* som grunnlag for eit nynorsk skriftspråk, var Littlebergen – i særklasse – den staden der han hadde sine fleste arbeidsdagar. Sjølv har Aasen fortalt at det nettopp var på Littlebergen han la grunnlaget for nybrottsverket *Det norske Folkesprogs Gramatik*, publisert i 1848. Mykje tyder på at det også var opphaldet hjå ein raus og velvillig lensmann Christian Brudvig på Littlebergen som meir allment gav Aasen livsmot og arbeidsmot til å

fullføra si store kulturoppgåve i den nye, sjølvstendige nasjonen som grunnlovsverket i 1814 hadde skapt.

Ivar Aasen-minnesmerket og grunnlovsjubileet

Meland formannskap og Meland kommunestyre har samråystes stilt seg bak reising eit minnesmerke over Ivar Aasen framfor rådhuset, og etter normal saksgang har kommunen også tilvist ein plass for minnesmerket ved rådhusbygningen.

Formannskapet har lagt vekt på den nære samanhengen mellom grunnlovsverket, nasjonsbygginga og Aasens arbeid med å gje det norske språket ei skriftleg form. Såleis vil dette tiltaket verta rekna som ein vesentleg del at grunnlovsjubileet i kommunen. Det er eit sams mål for kommunen og mållaget å få reist minnesmerket framfor rådhuset i jubileumsåret 2014.

Kunstverket

Mållaget har samarbeidd med ein av landets fremste skulptørar, Gunnar Torvund, om utforming av minnesmerket. Kunstnaren leverte to framlegg til løysing, ei todimensjonal der Aasens trekk kjem fram ved utskjering i ei (aluminiums-)plate, den andre ein tradisjonelt utforma byste i bronse, montert på sokkel i stein. Mållaget har valt den siste løysinga av m.a. *fylgjande grunnar*: Gunnar Torvund seier sjølv at han gjennom dette verket ville fanga ei stemning og eit uttrykk for korleis han oppfatta den unge Ivar Aasen (han fylte 30 år då han var i Meland). Jamvel om han har nytta eit tradisjonelt uttrykk, har han greidd å få fram nye, kanskje ukjende drag ved Aasen, nemleg den unge Aasen, ”nerden” Aasen, slik Torvund har opplevd han. I fyrstninga av arbeidet opplevde Torvund ein motstand mot oppdraget å avbilda Ivar Aasen tredimensjonalt, ein motstand han etter kvart vann over slik at den forma han har fått fram, er eit gjennomført både heilskapleg og friskt uttrykk, som trass i dei nye drag, byd fram ein stor portrettlikskap. Slik sett, har me sjansen til å kunna utrusta eit lite kommunesenter i Nordhordland med kanskje ei av dei aller beste kunstnarlege framstillingane av Ivar Aasen.

Kunstnaren har også lagt stor vekt på at skulpturen skal fungera i det miljøet der han skal stå.

Det skal nemnast, utan at det har relevans for denne søknaden, at også den todimensjonale løysinga truleg vil verta nytta i Meland, dvs. på garden der Aasen budde, som eit prosjekt i samarbeid mellom mållaget og ein privat grunneigar.

Nasjonale og globale demokratiutfordringar

Det prosjektet me har skildra ovanfor, stettar etter vårt syn alle dei kriteria som er nemnde i utlysingsteksten for 2014, særleg dei fyrste to og det siste.

Aasens livsverk står sentralt innanfor dei store politiske og sosiale endringane som skjedde i det norske samfunnet etter 1814. Det utgangspunktet Aasen valde, som både var vitskapleg og politisk fundert og sosialt legitimert, har sterkt relevans i vår samtid, både nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet med eit norsk skriftspråk bygd på folketalen, var i sin kjerne eit demokratiprosjekt. Mange folk og folkegrupper står i dag midt oppe i prosessar som handlar om å redefinera sin sosiale status og si tilhørsle innfor tidlegare stats- og nasjonsfellesskap. Aasens spesifikke metode har alt vorte nytta ved utforming av skriftspråk i Afrika. Ein kan heller ikkje seia at alle problem knytte til språkleg og kulturell identitet i vårt eige samfunn, er løyste. Ein kan såleis trygt konkludera med at vårt kunstprosjekt vil vera med på å skapa ein liten ”arena for diskusjon rundt aktuelle nasjonale og globale demokratiutfordringer”.

Utvikling av staden Frekhaug – einaste kunstverk i det offentlege rom

Som det går fram i innleiinga ovanfor, vil minnesmerket verta svært sentralt plassert i kommunesenteret og vil kvar dag bli sett, opplevd kommentert og diskutert av mange. Såleis vil det vera med på å gje kommunesenteret ein heilt ny dimensjon. Det skal også understrekast sterkt at denne skulpturen vil vera det fyrste og einaste kunstverket i det offentlege uterom i kommunen. Staden der minnesmerket blir plassert, har potensial til å bli ein møteplass.

Ei viktig side ved det å reisa minnesmerket vil vera å gje tilskuv til at historia om Ivar Aasen og det viktige arbeidet han utførte i Meland, kan forteljast opp att og opp att til nilevande og komande generasjonar.

Økonomien - søknadssum

Til å gjennomføra prosjektet har me kalkulert med at me treng til saman kr 216.500. Me reknar med å kunna få inn som ymse tilskot kr 66.500 (30%) og vil stilla opp med ein eigendel på kr 75.000 (35%).

Med tilvising til den vedlagde finansieringsplanen søker me Dykk om eit tilskot på kr 75.000.

For orden skuld skal det takast opp att at Meland Mållag tek ansvar for og garanterer for fullfinansiering av tiltaket.

Frekhaug 31.01.14

Med venleg helsing

Haakon Aase


Leiar i Meland Mållag

Nils Marton Aadland


Ordførar i Meland kommune

Vedlegg:

Finansieringsplan
Foto av modell i leire
Foto uteområde